



TOKKE KOMMUNE

MØTEBOK

NR	ORGAN	SAK NR	Møtedato
X	Formannskapet	04/025	11.02.04
X	Formannskapet	04/040	28.04.04
1	Kommunestyret	04/036	15.06.04

Sakshandsamar : Åge Verpe
Arkivsak: 01/00751
Arkivkode: 142
Løpenr: 7340/03

Rullering av kommuneplanen sin arealdel - Tokke kommune Tredje gongs handsaming i planutvalet

Saksgang:

Tredje gongs handsaming i planutvalet
Vedtaket i kommunestyret
Kunngjering av plan

Dokument i saka:

Nr. 1. Møtereferat i planforum 13.11.2003– drøftingar med fylkesmannen kring framlegg frå Finn A. Askje (KS- sak 03/048, 08.09.03). **Vedlegg.**
Nr. 2. Kommunestyresak 03/048. **Vedlegg**

Saksopplysningar:

Bakgrunn og saksgang i sak vedkomande arealdel for Tokke 2003-2015 er gjort greie for i kommunestyresak 03/048 som er vedlagt.

I kommunestyresak 03/048 vart det vedteke å utsette endeleg handsaming av arealdelen for Tokke. Plangruppa (ordførar, skogbrukssjef, teknisk sjef og arealplanleggar G.Slyngstad) vedtok i møte 22.12.03 ny handsaming i planutvalet før endeleg vedtak i kommunestyret.

Med bakgrunn i dei endringsframlegga som kom i k.sak 03/048 vart det skipa til møte i planforum. Planforum er ein arena der fylkesmannen, fylkeskommunen og andre sektormynde vert invitert til å utveksle synspunkt på problemstillingar i arealplanar. Tokke kommune møte med skogbrukssjef, teknisk sjef, arealplanleggar Slyngstad samt varaordførar Olav Urbø. Følgjande saker vart drøfta:

1. Byrtedalen
2. Berhommen – Voilen
3. Ripilen – Djupetjønn
4. Skredvatn
5. SH-området Mykli
6. Omfang og lokalisering av spredt bebyggelse
7. Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark

8. 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag.

Fylkesmannens vurderingar av desse sakene gjeng fram av møtoreferat 13.11.2003.

Fylkesmannen hadde ikkje vesentlege merknader til følgjande punkt:

- 5 SH-området Mykli, deling av spreidd området for hyttebygging samt auking av antal.
- 7 Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark.
- 8 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag. Endring av føresegn frå *skal* til *bør* der det er høve til dette (gjeld vassdrag som ikkje er verna etter naturvarnlova el. vassdragslov).

For dei øvrige sakene krev fylkesmannen utlegg av planen til nytt offentleg ettersyn. I møte har gav fylkesmannen klare signal om at utbygging (fritidsbustader) i området Byrtedalen og Berhommen-Vøilen ikkje er ynskjeleg ut frå dagens kjennskap til kulturlandskap og villreininteresser.

Vurderingar:

Plangruppa har etter drøftingar i møte 22.12.03 kome fram til at planutvalet har to alternativ i den vidare handsaminga.

Alternativ 1. Planen vert lagt fram til endeleg vedtak for kommunestyret med følgjande endringar:

- a. SH-området Mykli, deling av spreidd området for hyttebygging samt auking av antal.
- b. Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark.
- c. 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag. Endring av føresegn frå *skal* til *bør* der det er høve til dette (gjeld vassdrag som ikkje er verna etter naturvarnlova el. vassdragslov).

Alternativ 2. Administrasjonen ved rådmannen innarbeider endringar i planen for følgjande området:

- d. Byrtedalen
- e. Berhommen – Voilen
- f. Ripilen – Djupetjønn
- g. Skredvatn

For alternativ 2 må arealplanen leggast ut til nytt offentleg ettersyn og kommunen vil få krav om utarbeiding av ROS-analyse/Konsekvensutgreiing. Ansvaret for dette vert lagt til næringsavdelinga (jord og skogbrukssjef). Budsjett for konsulentbistand etc. vert belasta driftsbudsjettet for arealplansaker ansvar 1110.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak for Formannskapet:

Det faste utvalet for plansaker tilrår at arealplanen vert lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning. Følgjande endringar vert innarbeidd i planen:

Alternativ 1.

- SH-området Mykli, deling av spreidd området for hyttebygging samt auking av antal.
- Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark.
- 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag. Endring av føresegn frå *skal* til *bør* der det er høve til dette (gjeld vassdrag som ikkje er verna etter naturvarnlova el. vassdragslov).

Frå handsaminga i Formannskapet - 11.02.2004:

Framlegg frå Birger Nygård om at saka vert sett ut i påvente av møte med grunneigarar i Byrte.

Framlegget frå Birger Nygård vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2004:

Saka vert sett ut i påvente av møte med grunneigarar i Byrte.

Frå handsaminga i Formannskapet - 28.04.2004:

Finn Arne Askje tok opp spørsmålet om han var ugild i saka.

Finn Arne Askje vart samrøystes ikkje rekna som ugild.

På vegne av Sp, Frp og H sette Finn Arne fram fylgjande framlegg:

” Formannskapet tilrår at Alternativ 1 og 2 blir innarbeida i planen.”

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå rådmannen og framlegget frå Finn Arne Askje.

Framlegget frå Finn Arne Askje vart samrøystes tilrådd vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 28.04.2004:

Det faste utvalet for plansaker tilrår at følgjande endringar vert innarbeidd i planen:

1.

- SH-området Mykli, deling av spreidd området for hyttebygging samt auking av antal.
- Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark.
- 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag. Endring av føresegn frå *skal* til *bør* der det er høve til dette (gjeld vassdrag som ikkje er verna etter naturvarnlova el. vassdragslov).

Innarbeider endringar i planen for følgjande område:

2.

- Byrtedalen
- Berhommen – Voilen

- Ripilen – Djupetjønn
- Skredvatn

Når det gjeld punkt 2 må arealplanen leggjast ut til nytt offentleg ettersyn og kommunen vil få krav om utarbeiding av ROS-analyse/Konsekvensutgreiing.

Ansvar for dette vert lagt til næringsavdelinga (jord og skogbrukssjef). Budsjett for konsulentbistand etc. vert belasta driftsbudsjettet for arealplansaker ansvar 1110.

Frå handsaminga i Kommunestyret - 15.06.2004:

Saka går ut no.

Vedtak i Kommunestyret - 15.06.2004:

Saka går ut no.

Utskrift sendt: